



Sakspapir

Sakshandsamar:	Jan Olav Osen		
Arkivsaknr.:	15/4	Klassering:	FE - 611

Leigeavtale Langøy - Fritak for betaling av leige

Vedlegg:

Vedr. leigeavtale industriområde Langøy
Oversendingsmail
Langøy_forstudie_rapport_17122013
20150109142328

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Austrheim formannskap gjev fritak for betaling av leige etter avtale datert 01.03.12 mellom Austrheim kommune og Ability investment & Venture AS.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Austrheim kommune og Ability investment & Venture AS har den 01.03.12 inngått avtale om framleige av gnr. 163 bnr. 24 i Austrheim, sjå vedlegg.

Området var tenkt nytta til akuttberedskapssenter på Langøy. Fylkeskommunen har gitt tilskot til dette prosjektet og det er utarbeida ei forstudie. Det er fakturert leige for arealet med kr. 39.580,- som gjeld perioden 01.06.12 til 30.12.13.

I skriv av 08.12.14 skriver Odd Arne Blindheim fylgjande:

Viser til leieavtale for areal på Langøy.

Leieavtalen er ikke videreført og prosjektet knyttet til etableringen av et akuttberedskapssenter er avsluttet. Prosjektet har sagt fra seg støtte fra Hordaland Fylkeskommune og ber således om at leiekraft krediteres og slettes. Dette som følge av at prosjektet ikke vil bli realisert og at området er benyttet av andre brukere som heller ikke er belastet leie.

Leie var beregnet som en del av kostnad i prosjektet, men ettersom dette er terminert og følgelig prosjektinntekter og støtte har bortfalt er det ikke aktuelt å betale leie eller videreføre ny leieavtale i fremtiden.

Vurdering

Det står i avtalen at dersom det ikkje vert iverksett tiltak på eigedomen innan eit år fell denne avtalen bort. Det vert elles vist til at da prosjektinntekter og støtte har bortfalt er det ikkje aktuelt å betale leige eller videreføre ny leieavtale i framtiden. Området har dessutan blitt brukt av andre interessentar som heller ikke er belastet leie.

Med utgangspunkt i ovannemnde finn eg det rimeleg at leigekravet bortfell.

Konklusjon

Eg rår til følgjande:

Austrheim formannskap gjev fritak for betaling av leige etter avtale datert 01.03.12 mellom Austrheim kommune og Ability investment & Venture AS.

Sakspartar